



Familiær innsats på Dønhaug: Andrea, Geoff og Aoife. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Berre ei veke etter den førre konserten hadde det nordirske fyrverkeriet Andrea Rice ein ny suksess på Dønhaug. Også på denne torsdagskvelden møtte det fram rundt 60 begeistra tilhøyrarar, som fekk ei stor oppleving. Det vi skreiv sist er enda meir rett no: Andrea er ein sikker vinnar på Dønhaug.



Brendan Monaghan (til høgre) spela både sekkepipe og eit utval av fløyter. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Konserten arta seg faktisk ikkje som ein rein reprise, for Andrea har utruleg mykje å ause av når ho dukkar ned i den rikhaldige irske sang- og musikkskatten. Dessutan var det ei viktig endring i bandet: Den utruleg dyktige fiolinisten Michael Chang var bytta ut med ein musikal som går for å vera ein av dei dyktigaste i heimlandet sitt: Brendan Monaghan. Då han hoppa inn, fekk konserten ein ny, velklingande og viktig dimensjon. Brendan spelar ikkje minst irsk sekkepipe, utan at han hadde nokon braksuksess på Dønhaug med dette instrumentet. Hvis ein ikkje likar sekkepipe har ein det ikkje direkte godt.... Men framfor alt er han ein framifrå fløytist som stadig skifta instrument og imponerte stort med sin teknikk og presisjon..

Men ikkje for det: Andrea sjølv var også denne gongen den solide grunnpillaren i bandet og nok ein gong likte vi henne aller best då ho song åleine - til sitt eige harpe-akkompagnement. Då kjem ho på ein måte næraast sjela i den irske musikken.

Også denne gongen var den åtte år gamle dottera Aoife i aksjon både som songar og dansar – eit svært sjarmerande innslag.

Konserten med Andrea Rice og bandet hennar var ein skikkeleg opptakt til sesongslutt-konserten på låven laurdag, med telemarkingane i E 76. Førehandssalet av billetter har vore bra, men det er enno nokre att!

Av Ola Matti Mathisen